



Saksbehandlar: Ole I. Gjerald, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 17/6014-3

Eventuell grensejustering mellom kommunane Hornindal og Stryn – Kjøs grunnkrins

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar framlegget om ei justering av kommunegrensa mellom Hornindal og Stryn kommunar, slik at Kjøs grunnkrins inkl. Markane vert ein del av Stryn kommune.
2. Stortinget vedtok 08.06.17 at Hornindal og Volda kommunar vert slegne saman med verknad frå 01.01.2020. Ei grensejustering som flyttar grunnkrinsen Kjøs inkl. Markane frå Hornindal til Stryn fører til at innbyggjarane i krinsen også i framtida vert innbyggjararar i Sogn og Fjordane, og seinare vert inkluderte i den nye fylkeskommunen der Sogn og Fjordane og Hordaland vert slegne saman.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune legg vekt på det samla utgreiingsarbeidet som er gjort i tilknyting til forslaget om ei slik grensejustering. Vi legg særleg stor vekt på at grensejusteringa vil kunne få konsekvensar for framtidige kommunikasjonar og det fylkeskommunale tenestetilbodet i Nordfjord.

Vedlegg:

1. Høyringsbrev frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, datert 20.09.17.
2. Hornindal kommune si utgreiing knytt til ei grensejustering mellom Hornindal og Stryn.
3. Stryn kommune si utgreiing knytt til ei grensejustering mellom Hornindal og Stryn.
4. Innbyggjarundersøking knytt til ei ev. grensejustering mellom Hornindal og Stryn (jf. [lenke](#)).

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane mottok 31.08.16 eit innbyggjarinitiativ om justering av kommunegrensa mellom Stryn og Hornindal. Dei alternative grensejusteringane i forslaget vil medføre at ein del av Hornindal kommune vert flytt til Stryn kommune. Initiativet vart 12.06.17 omtala i Fylkesmannen sitt brev om vidare arbeid med grenseendringar i samband med kommune- og regionreforma i Sogn og Fjordane. På dette tidspunktet tilrådde Fylkesmannen at det vart sett i gang utgreiing av ei ev. grensejustering her. Dette utgreiingsarbeidet er gjennomført no i haust.

Stortinget vedtok 08.06.17 å slå saman Hornindal og Volda til ein ny kommune med verknad frå 01.01.20. Den nye kommunen skal liggje i Møre og Romsdal. Dette inneber at grensa mellom Stryn og den nye kommunen også vert ny fylkesgrense mellom Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Det er denne grensa innbyggjarinitiativet om ei ev. grensejustering gjeld.

Fylkeskommunen og kommunane har frist til å sende inn fråsegner til grensejusteringa innan 24.11.17, eller etter nærmere avtale med Fylkesmannen. Faktautgreiingane, innbyggjarundersøkinga og høyringsinnspela dannar grunnlaget for Fylkesmannen si tilråding til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Fylkesmannen tek sikte på å sende si tilråding til KMD innan utgangen av 2017.

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å støtte at det vert gjort ei justering av kommunegrensa mellom Hornindal og Stryn. Fylkesrådmannen går inn for ei grensejustering der heile Kjøs grunnkrins inkl. Markane vert ein del av Stryn kommune. Han syner til Stortinget sitt samanslåingsvedtak mellom Hornindal og Volda kommunar. Ei grensejustering som flyttar grunnkrinsen Kjøs frå Hornindal til Stryn fører til at innbyggjarane her også i framtida vert innbyggjararar i Sogn og Fjordane, og seinare vert inkluderte i den nye fylkeskommunen der Sogn og Fjordane og Hordaland vert slegne saman.

Fylkesrådmannen meiner det er særleg grunn til å leggje vekt på at grensejusteringa vil kunne få konsekvensar for framtidige kommunikasjonar og samferdsle i Nordfjord. Fylkesrådmannen støttar dette alternativet ved å peike på at heile området Kjøs/Markane også for framtida vil utgjere eit strategisk svært viktig knutepunkt for Nordfjordregionen, også når dei nye regions-/fylkesgrensene kjem på plass.

Området vil truleg vere viktigare, og meir sentralt, for kommunikasjonane i Stryn, Nordfjord og Sogn og Fjordane enn for den sørlege delen av Møre og Romsdal. Med tanke på å leggje til rette for ei heilskapleg og effektiv overordna planlegging vil det vere ein føremon at området også i framtida ligg innanfor den same kommune- og fylkesgrensa.

Når det gjeld det fylkeskommunale tenestetilbodet elles, vil også grunnlaget for å oppretthalde det vidaregåande opplæringstilbodet på dagens nivå bli styrkt noko gjennom denne grenseendringa, samanlikna med ein situasjon der heile dagens Hornindal kommune går saman med Volda kommune. For elevane i vidaregående opplæring som bur i Kjøs grunnkrins, vil reiseavstanden til dei vidaregåande skulane i Stryn og Eid også vere kortare enn til den vidaregåande skulen i Volda.

2. Bakgrunn for saka

Innbyggjarinitiativ som utgangspunkt

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane mottok 31.08.16 eit innbyggjarinitiativ frå Per Ove Kjøs og Andreas Solvik om justering av kommunegrensa mellom Stryn og Hornindal. Det ligg føre to alternativ til ny grense i søknaden/initiativet, der begge alternativa berører området som er definert som Kjøs grunnkrins. Alternativ 1 omfattar heile grunnkrinsen. Alternativ 2 inneber eit mindre område som strekkjer seg frå Maurset og vestover til Øyebakken. Begge dei aktuelle forslaga vil i alle høve medføre at ein del av dagens Hornindal vert flytt til Stryn. Innbyggjarinitiativet vart 12.06.17 omtala i Fylkesmannen sitt brev om vidare arbeid med grenseendringar i samband med kommune- og regionreforma. På dette tidspunktet tilrådde Fylkesmannen at det vart sett i gang utgreiing av den eventuelle grensejusteringa.

Stortinget vedtok 08.06.17 å slå saman Hornindal og Volda til ein ny kommune med verknad frå 01.01.20. Den nye kommunen skal ligge i Møre og Romsdal. Dette inneber at grensa mellom Stryn og den nye kommunen også vert ny fylkesgrense mellom dagens Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Det er denne grensa søknaden/innbyggjarinitiativet om ei eventuell grensejustering no gjeld.

Involvering, konsekvensutgreiing og innbyggjarundersøking

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) gav i brev av 04.07.17 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i oppdrag å greie ut konsekvensane av ei slik grensejustering. Fylkesmannen hadde difor 12.07.17 eit informasjonsmøte med dei involverte kommunane om saka. I møtet vart det opplyst om aktuelle tema for innhenting av informasjon, samt at det då vart planlagt ei innbyggjarundersøking i det berørte området. Førebels tidsplan for utgreiingsoppdraget vart også lagt fram. Kommunane vart i tillegg oppmoda om å sende inn fakta og informasjon som dei meinte var relevant og nødvendig i saka, uavhengig av om dette sto på lista over aktuelle utgreiingstema.

20.07.17 fekk Hornindal kommune i oppdrag å greie ut nærare fakta knytt til brukarar, kulturtilbod, økonomi, kommunale tenester, fylkeskommunale tenester, statlege tilbod, naturressursar, pendling, planar, kommunikasjon og interkommunalt samarbeid i det berørte området. Denne utgreiinga vart motteken 18.09.17, og ligg vedlagt denne saka. Stryn kommune vart i same brev oppmoda om å kome med innspel på område som kommunen vurderte at det var naturleg å uttale seg om. Slik uttale mottok Fylkesmannen 18.09.17, jf. eige vedlegg her.

Det vart 24.08.17 bestemt at Opinion fekk oppdraget med å gjennomføre ei innbyggjarundersøking. Denne vart levert Fylkesmannen 15.09.17. Undersøkinga syntetiserte at det er svært delte meningar om kommunetilhøyrsla for området Markane mellom dei som bur der. Eit fleirtal i undersøkinga meiner at Kjøs grunnkrins bør høyre til den nye, samanslegne kommunen mellom Hornindal og Volda. Undersøkinga gjev likevel ikkje noko klårt svar på kva kommune innbyggjarane i Kjøs grunnkrins samla meiner dei bør høyre til. Sjølv om 52% svarar Hornindal kommune, mot 45% som svarar Stryn kommune, er denne skilnaden innanfor dei statistiske feilmarginane som Opinion definerer for undersøkinga. Det er med andre ord ikkje ein signifikant skilnad mellom kva kommune innbyggjarane føretrekker å høyre til.

Det er likevel eit skilje mellom bygdene i grunnkrinsen. 92% av dei som har svara i området Aasen, Maurset, Øyane og Øyebakken meiner at Kjøs grunnkrins bør høyre til Stryn kommune i framtida. I dei andre områda i grunnkrinsen er det eit meir delt syn, der 62% meiner ein bør høyre til nye Volda kommune. Rapporten frå innbyggjarundersøkinga er i sin heilskap lagt ved denne saka (sjå lenkje).

67 personar av dei som vart ringde opp svarte på undersøkinga, noko som gjev ein svarprosent på 87. Dei som har svara utgjer eit representativt utval av befolkninga i området ut frå aldersfordeling og kjønn.

Kommunane og fylkeskommunen sine innspel og den vidare prosessen

Kommunane og fylkeskommunen har no fått høve til å uttale seg før det vert gjort vedtak i saka, jf. inndelingslova §9, jf. rundskriv H-10/15 (oppdatert mars 2017). Fylkesmannen har bede spesielt om at kommunane uttaler seg om kvar av dei to alternative grenseløysingane som ligg føre. Dersom kommunen meiner at andre grenseløysingar vil vere føremålstenlege, ber Fylkesmannen om at desse vert grunngjevne og illustrerte gjennom koordinatar og kartfesting. Kartverket vert spesielt bede om å vurdere om grensene som går fram av innbyggjarinitiativet teknisk sett er gode.

Innbyggjarundersøkinga, faktautgreiingane og høyningsinnspela vil danne grunnlaget for Fylkesmannen si oppsummering og tilråding til KMD. Fylkesmannen tek sikte på sende tilrådinga innan 22.12.2017.

3. Konsekvensar av ei grensejustering

Begge dei to kommunane har stilt seg positive til ei grensejustering. Uttalane dei så langt har gjeve i samband med Fylkesmannen sitt utgreiingsarbeid syner likevel at kommunane har ulike meiningar om kor mykje av Kjøs grunnkrins som skal overførast til Stryn kommune.

Stryn kommune går i si utgreiing inn for framlegget om at ny kommunegrense skal gå frå Gulkoppen til Kjøsahammaren, og såleis omfatte heile grunnkrinsen Kjøs. Kommunen argumenterer for dette alternativet ved å peike på at heile området Kjøs/Markane også for framtida vil utgjere eit strategisk viktig knutepunkt for Nordfjord-regionen når dei nye regions-/fylkesgrensene kjem på plass. Kommunen legg vekt på at dette området truleg vil vere viktigare, og meir sentralt, for kommunikasjonane i Stryn, Nordfjord og Sogn og Fjordane enn for den sørlege delen av Møre og Romsdal.

Fylkesrådmannen stiller seg bak at det med tanke på å kunne leggje til rette for ei heilskapleg og effektiv planlegging vil vere ein klår føremon at heile området også i framtida ligg innanfor kommune- og fylkesgrensa til Stryn og Sogn og Fjordane.

Fylkesrådmannen er samd i at heile grunnkrinsen bør liggje samla i dagens Sogn og Fjordane, og at området framleis vert ein del av indre Nordfjord – med moglegheit for å bli med i ein heilskapleg utviklingsstrategi til beste for regionen og innbyggjarane her.

Fylkesrådmannen ser føremonen med at glandene Markane og Maurset vert haldne samla, og at forvaltinga av utmarksressursar, viltressursar og andre naturgjevne ressursar i området vil kunne halde fram meir heilskapleg og effektivt dersom området ligg i ein kommune og ein region/eit fylke. Bygda Maurset er i dag delt av kommunegrensa, og fylkesrådmannen meiner det her bør leggjast monaleg vekt på innbyggjarundersøkinga som Opinion har gjennomført. Innbyggjarane her ønskjer ei samling innanfor ei ny kommunegrense for Stryn. I spørjeundersøkinga ønskte 92% av dei spurte i områda Aasen, Maurset, Øyane og Øyebakken seg til Stryn kommune.

Hornindal kommune gjev i sin uttale uttrykk for at Stryn krev ein større del av Kjøs grunnkrins i grensejusteringa enn det fagleg sett er grunnlag for. Hornindal kommune held fram at det er 62% av innbyggjarane i resten av grunnkrinsen, og om lag 80% av ungdomane, som framleis vil høyre til i Hornindal kommune. Det er 19 personar i bygda Maurset, medan det er 70 personar i resten av krinsen.

Når det gjeld det fylkeskommunale tenestetilbodet, vil også grunnlaget for å oppretthalde det vidaregående opplæringstilbodet på dagens nivå bli styrkt noko gjennom denne grenseendringa, samanlikna med ein situasjon der dagens Hornindal kommune går saman med Volda kommune.

For elevane i vidaregående opplæring som bur i Kjøs grunnkrins, vil reiseavstanden til dei vidaregåande skulane i Stryn og Eid også vere kortare enn til den vidaregåande skulen i Volda. Fylkesrådmannen si berekning syner følgjande reiseavstandar frå Kjøs bru til dei tre nærmeste vidaregåande skulane:

Strekning	Avstand i km	Reisetid i min. bil	Reisetid i min. buss
Kjøs bru – Volda vidaregåande skule	41,7	36	45
Kjøs bru – Stryn vidaregåande skule	15,9	14	17
Kjøs bru – Eid vidaregåande skule	30,0	28	43

4. Fylkesrådmannen si samla vurdering og tilråding

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å støtte at det vert gjort ei justering av kommunegrensa mellom Hornindal og Stryn. Fylkesrådmannen går inn for ei grensejustering der heile Kjøs grunnkrins inkl. Markane vert ein del av Stryn kommune. Han syner til Stortinget sitt samanslåingsvedtak mellom Hornindal og Volda kommunar. Ei grensejustering som flyttar grunnkrinsen Kjøs frå Hornindal til Stryn fører til at innbyggjarane her også i framtida vert innbyggjararar i Sogn og Fjordane, og seinare vert inkluderte i den nye fylkeskommunen der Sogn og Fjordane og Hordaland vert slegne saman.

Fylkesrådmannen meiner det er særleg grunn til å leggje vekt på at grensejusteringa vil kunne få konsekvensar for framtidige kommunikasjonar og samferdsle i Nordfjord. Fylkesrådmannen støttar dette alternativet ved å peike på at heile området Kjøs/Markane også for framtida vil utgjere eit strategisk svært viktig knutepunkt for Nordfjordregionen, også når dei nye regions-/fylkesgrensene kjem på plass.

Området vil truleg vere viktigare, og meir sentralt, for kommunikasjonane i Stryn, Nordfjord og Sogn og Fjordane enn for den sørlege delen av Møre og Romsdal. Med tanke på å leggje til rette for ei heilskapleg og effektiv overordna planlegging, vil det vere ein klår føremon at området også i framtida ligg innanfor den same kommune- og fylkesgrensa.

Når det gjeld det fylkeskommunale tenestetilbodet elles, vil også grunnlaget for å oppretthalde det vidaregående opplæringstilbodet på dagens nivå bli styrkt noko gjennom denne grenseendringa, samanlikna med ein situasjon der heile dagens Hornindal kommune går saman med Volda kommune. For elevane i vidaregående opplæring som bur i Kjøs grunnkrins, vil reiseavstanden til dei vidaregåande skulane i Stryn og Eid også vere kortare enn til den vidaregåande skulen i Volda.